

Midtre Haram Storvald SA

Årsmelding 2019 - 15.driftsår

Femte år i andre driftsplanperioden i storvaldet har styret hatt denne samansetjinga:

Anders E. Leine	Leiar
Arne Skaar	Nestleiar
Even Otterlei	Kasserar
Caroline Valde	Sekretær
Kristin H- Breivik	Styremedlem

I 2019 vart det halde 2 styremøte, eit jegermøte og årsmøte. Styremøta var forberedande møter til årsmøtet og jegermøte.

Vi starta våren med vårteljning, datoane var 15.april og 1.mai. Dyra er i konsant bevegelse så dette kan skilje seg frå dag til dag. Teljingane blir utførte av medlemmer frå styret og frivillige jegerar i nærområdet.

Område	2017		2018		2019	
	13.apr	29.apr	14.apr	01.mai	13.apr	27.apr
Slyngstad/Tennfjord	45	70	59	76	100	40
Samfjord/Helland	37	56	53	88	61	25
Skår/Ertresvåg/Vatneidet	62	56	96	110	85	108

Samarbeidet med dei enkelte jaktfelte er godt. Rapporteringa skotne dyr og slaktevekt har stort sett kome inn i tide, med eit par unntak. Forvirring rundt at vakttelefonen ikkje har vore i bruk har nok vore negativ bidragsytar her. Jeger skal fortsatt registrere sett og skutt i Hjorteviltregisteret, skal en jakte skal en forholde seg til dette.

Innrapportering av CWD har blitt gjort etter pålegg vi har fått. Styret har våre ute å assistert i å skaffe prøveutstyr ved behov. Foreløpig informasjon er at dette kun var for jaktåret 2018 og 2019.

Veret under jakta i 2019 har vore usedvanleg godt.

Det har som vanleg vore skote mykje dyr i fullmånepriodane, der alle fire priodane har hatt godt med skyfritt ver. Frå dei fleste jaktfelte blir det rapportert inn at det er over normalår, eller litt i overkant, av normalår med tanke på hjorteobservasjonar.

I 2019 vart det felt 102 hjortar og 7 rådyr i heile Midtre Haram Storvald. Det er mykje meir enn 2018 sesongen og 15 dyr meir enn avskytingsmålet. Vi var etter 2018 sesongen framføre på avskytinga ihht avskytingsmål med 3 hjort frå dei første åra i driftsplanperioden. Etter endt driftsplanperiode ligg vi no 18 dyr framfor skjema.

Ein av grunnane til dette er at Helland har kome inn i Storvaldet, ein annan er at fylket har gitt beskjed til kommunen at det er ønska høgt uttak, vi har derfor valgt å legge oss heilt opp mot tildelt kvote, i staden for avskytingsmålet i driftsplanen

Planen var å vere meir raus med tilleggsdyr i 2019 sesongen.

Tidlegare år har styret kunne dele ut nesten fritt med tilleggsdyr utan at det har skapt problem. 11 nov passerte vi avskytingsmålet i driftsplanen. Sidan det blei skote mykje dyr tidleg i sesongen måtte styret avslutte utdeling av tilleggsdyr allereie 15. nov, vi hadde da 106 løyver ute. Alle som bad om tilleggsdyr etter dette fekk ikkje innvilga søknad. Nokre jaktfelt synes det ikkje var greitt sidan det var godt med dyr i terrenget, men når vi låg ann til å skyte så mykje meir enn målet i driftsplanen blei det valt å ikkje gå vidare med dette til viltnemnda.

Når 100 skotne dyr var passert vart det sendt ut melding om at ein oppfordra til å stoppe jakta, jaktfelte som sa seg villig til å frigi sine løyver har fått trekt dette frå rekninga.

Under jakta 2019 hadde vi 2 etterøk etter påskotne hjortar. Ein var funnen, den andre «friskmeldt». Det er positivt at jegerane oppsøker hjelp når problemet oppstår, uansett utfallet til ettersøket.

Ettersøksjegerar var i år Even Otterlei, Tor Johan Hatlehol, Trine Andersen og Ørjan Stene.

I år er det ikkje rapportert om mistanke angående tjuvjakt. Det har vore rapportert inn nokre tilfeller dei siste åra.

Samla kjøttutbytte av hjortejakta er 4774kg, som med ein kg-pris på 75kr tilsvarer kr. 358050. Totalt i 16års perioden er det skote 1205dyr.

Når ein ser på snittvekt er det viktig å tenke på at vi streber etter å luke vekk dei minste og svakaste dyra, dette får sjølvsagt innvirking på snittvektene.

Kalve vekta er bedre enn på mange år, og på eit heilt greitt nivå. Det er ingen kalvar under 15 kg, i 2018 sesongen var det heile 5 stk. Nokon kalvar under 20 kg må ein rekne med. 2 lkalvar over 30 kg. Fjorskolle vekta er også betre enn på mange år, sjølv med nesten 30% vrakdyr.

Spissbukktene er i nedre sjiktet av det vi har sett sidan vi starta med storvald, nesten likt med rekorden frå 2015. To spissbukkar hailt opp mot 60 kg, positivt!

Tabell for snittvekter:

Snittvekt	Kalv	FK	SB	EK	EB
2005	25,8	46,2	48,6	53,1	77,4
2006	25,6	41,9	45,8	53,8	65,4
2007	24,4	43,3	45,8	54,1	72,5
2008	24,3	41	46,3	53,2	83,2
2009	24	40,7	48,9	54,8	83,9
2010	23,3	40,9	46	54,9	70,5
2011	23,8	39,5	43,2	52,7	69,9
2012	26,2	41,8	45,1	56,5	78
2013	25,1	40,6	47	52,7	79
2014	23,7	45,2	46,1	54,2	86,5
2015	26,9	44,1	49,4	55,6	78,5
2016	23,3	40,8	48,6	55,6	91,6
2017	23,8	40,8	45,5	54	84
2018	21,6	39,8	45,8	53,8	80,5
2019	24,5	42,2	48,3	55,4	85,2

Som vi kan sjå i tabellen nedanfor skyt vi forholdsvis jevnt av dei ulike kjønn og aldersgrupper igjennom dei siste driftsperiodane. Det har vore skote ei eldre kolle over 60 kg, dette kan vere tilfeldig eller at man faktisk klarer å skyte dei minste dyra.

Målsetjinga er å spare store, gode avlsdyr, og legge uttaket på ungdyr.

Antall	Hokalv	Hannkalv	FK	SB	EK	EB
2019	12	20	16	20	17	17
2018	11	9	11	15	19	21
2017	7	14	13	12	21	14
2016	9	10	16	14	21	17
2015	7	14	10	12	15	11
2014	10	9	10	15	19	16
2013	11	10	11	25	21	14
2012	15	8	10	11	25	11
2011	13	13	6	12	22	12
2010	13	8	17	16	24	6
2009	11	11	12	10	24	15
2008	8	11	11	11	20	14
2007	10	14	6	9	18	18
2006	15	15	12	7	19	6
2005	9	9	6	13	13	10

Merk at tall for Helland kom inn f.o.m. 2019.

Avskyting i forhold til satte mål i driftsplan:

2019	Kalv %	Kvige%	Kolle %	Bukk %
Skote	31	16	17	36
Målsetjing	30	15	20	35

Det er tatt ut ein kalv/ ungdyrprosent på 67, som er det høgaste i valdet si historie (dei siste 15 åra). I 2018 sesongen var vi rekordlav med 53%. Årets resultat er heilt i pakt med forslaget Haram Kommune hadde ute, der målet var 65%.

Største bukken vog 139 kg, minste kalven vog 17 kg.

To spissbukkar og fem fjorskoller har vorte klassa ned til kalv i år, men det var også ein tredje spissbukk som var under grensa utan å bli klassa ned.

To kalvar har blitt ført på storvaldet si skrapdyrkvote, men i tillegg er det fem kalvar har vore under vektgrensa på 20kg, men ikkje nedklassa.

Under jakta har styret kontrollert 9 felte dyr utan merknad.

Storvaldet er registrert i Brønnøysundsregisteret med organisasjonsnummer 916 463 944.

Revejakta 1.plass: 7,5 kg, John Gunnar Johansen.

Storvaldet har heimeside ”www.mihas.no” som vart oppdatert nesten daglig gjennom første del av jakta

Oår har det vore store problem med heimesida siste del av jakta, etter litt innsats kom den tilbake ei periode, før det svartna heilt

Beskjeden frå WebHuset var at sida var hacka. Vi har sidan skifta leverandør av web tjenester

Facebook sida har vore forhaldsvis lite aktivitet på.

2020 blir første år i fjerde driftsplanperiden, no i Ålesund Kommune. Driftsplanen vil bli revidert ifm evt inkludering av Remme.

For styret i Midtre Haram Storvald
Anders Engeseth Leine, leiar